



Plan og byggesak  
Merethe Tvedt  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8200 - 22/92114

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:  
01.12.2022

## Uttale - plan Tonesmarka

### Plan og profil:

Det er anbefalt at sjølv om vegar er regulert privat, skal oppbygging og geometrisk utforming følgje dei nasjonale vegnormalane, N100/N200. Det vil i området vere behov for at veganlegget skal tåle belastning frå renovasjons- og utrykningskøyretøy.

Det er for f\_SKV lagt inn fall frå offentleg veg og stigning på 7% ligg innanfor kravet, der max er på 12,5%. Utbyggjar står ansvarleg for å sikre at alle kvoter er riktig og at samanfall mot eksisterande veg/gangveg/terreng stemmer. Under prosjektering må det sørgast for god handtering av overvatn langs køyreveg og fortau.

Saknar plan og profil for f\_SV4. Er ikkje den ein del av planen?

Sjølv om vegane i Tonesmarka er private fellesveggar, vil det vinterstid vere behov for brøyting og strøing i området. Er det sikra areal for snøopplag?

Det er uheldig at det ikkje er regulert inn høve til å snu i enden av fellesvegane. Særleg gjeld dette i enden av f\_SV3 ved BFS3 og f\_SV4 etter f\_BLK4. Dette bør sikrast i detaljprosjektering for å sleppe at private avkøyrslar må nyttast til dette formålet.

Saknar teikning som viser normalprofil/geometrisk utforming for avkøyrsla mot offentleg veg, Mjåtveitmarka.

### Illustrasjonsplan:

Svingradius ved renovasjonspunkt f\_BKT2 viser at ein god del av arealet må nyttast for å klare svingen. Dette må endrast slik at snuprosess vert utført på sjølve vegarealet.

Det er vist til køyrbar gangveg i illustrasjonsplan mot felles aktivitetsområde/ekstra parkeringsareal. Denne går rett forbi nærleikeplassen i området. Å lage ei løysing med trafikk forbi leikeplass er ikkje ei trygg løysing. Den køyrbare ganvegen er lagt gjennom området som skal vere felles for bilar og aktivitet. Ei slik løysing kan fort skape utrygge situasjonar i området. Gangvegen bør leggast i utkanten av plassen for å hindre uønska møte mellom tunge og mjuke trafikantar. Køyrbar tilkomst bør løysast utan å gå via gangvegen.

### Alver kommune

**Reguleringskart:**

For å unngå trafikk og gjennomkøyring, må det leggjast inn bom på GT1 etter f\_BKT3. Denne vegen er køyrbar i dag, er regulert som grøntareal og skal stengast for trafikk til/frå Mjåtveitmarka frå/til Tonesmarka.

Avkøyringspila ved inngang forsamlingshus bør fjernast frå reguleringskartet. Tilkomst BAT er regulert via parkeringsplass frå f\_SKV. Det må undersøkjast om det kan leggjast til rette for langsgåande HC parkering utan at det er regulert avkøyrsløse i dette området.

Regulere inn snuhammar i enden av f\_SV4 etter f\_BLK4 og for f\_SV3 i enden ved BFS3.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Merethe Tvedt

**Mottakarar:**

Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG